

RAPPORTSKJEMA FOR BRUK AV FOU-MIDLAR FRÅ NYNORSKSENTERET

Namn på institusjon: Høgskolen i Hedmark, Avdeling for lærarutdanning og naturvitskap, Institutt for humanistiske fag

Rektor/fagleg leiar: Rektor: Yngve Haugstveit. Instituttleiar: Lars Viggo Berntsen

Telefonnummer: 62517600 (sentralbordet)

Postadresse: Postboks 4110, Bedriftssenteret, 2306 Hamar

E-postadresse: Instituttleiar: lars.berntsen@hihm.no

Namn på ansvarleg for prosjektet:

Høgskolelektor Tormod Stauri, Institutt for humanistiske fag ved Høgskolen i Hedmark. Om vita elles for underteikna viser eg til prosjektsøknaden frå 6. april 2006 og til halvårsmeldinga for prosjektet med leveringsfrist 1. desember 2006.

Tidsrom for rapporten: Januar 2007 til juni 2007.

Eg viser elles til halvårsrapporten sendt til Senteret med frist 1. desember 2006, der det er gjort greie for første perioden av FoU-prosjektet.)

Kva går prosjektet ut på?

Prosjektet - der eg per dato ikkje har ferdigbehandla dei siste data, sidan dei data er å finne i eit utval eksamenssvar som hadde sin sensur så seint som 22. Juni 2007, går ut på å finne ut om undervisning og kunnskap i tradisjonell skolegrammatikk, kan ha nokon effekt på ferdigheitene i å skrive nynorsk, slik dei blir manifesterte ved individuell femtimars skoleeksamen.

Det er førsteårs allmennlærerstudentar ved Høgskolen i Hedmark som har teke del i prosjektet i rapportperioden (vårhalvåret 2007), medan det var vidareutdanningsstudentar (60 sp) ved same skole som var deltakarar i første prosjektperioden hausten 2006.

Korleis er prosjektet organisert og gjennomført?

Eg har gjennomført fem skriveøker med i alt 22 studentar. Oppgåvene for kvar skriveøkt har vore ulike, medan responsen som eg har gitt, har vore skore over same lest, nemleg at eg i den skriftlege responsen til kvar av deltakarane på øktene har lagt all vekt på den eg vil kalle "grammatisk bevisstgjerings". Dèt har eg prøvd å oppnå ved å kommentere kvart einaste avvik ("feil") så grammatisk fullstendig som muleg. Samtidig har det vore eit mål å minne om feil som studenten har gjort opp att frå éi skriveøkt til den neste. Studentane viste seg å setje særleg pris på den responstypen.

Eitt av dei sentraledelmåla med prosjektet har vore at kvar skriveøkt skulle dreie seg om bøyingsverket (morfologien) i verb og substantiv, og at kvar student skulle få sin respons omkring skriveavvika skrivne opp att og kommentert på eige responsark som studenten skulle få attende saman med testarket. Det er mi oppfatning at det på denne måten skulle bli lettare for studenten å hugse til neste gong eit gitt avvik ("feil"), og at dei fulle grammatiske forklaringane ville få som resultat at det ville utvikle seg ei grammatisk

bevisstgjeriing, som i sin tur ville føre til at eit gitt avvik ("feil") i neste omgang ville bli unngått. Materialet mitt for vårhalvåret er enno ikkje så nøye behandla til at eg kan seie om det har gått slik, men det ser tvillaust ut til å vere ein slik samanheng for fleire av studentane som har vore med i undersøkinga.

Kva har de oppnådd i prosjektet?

Arbeidsmåten i prosjektet har vore arbeid med innfyllingstekster utan svaralternativ, som kvar deltakar i første omgang har fått umiddelbar respons på i form av "fasit", og ein meir gjennomarbeidd respons til kvar enkelt med avvikskommentarar etter om lag ei veke etter kvar av dei i alt fem skriveøktene, som kvar varte i éin klokke time.

Målet med denne arbeidsmåten er at kvar enkelt skal få rikeleg høve til å forstå kvifor ei gitt ordform, f. eks. "ein vurdering" eller "vurderinga", er ukorrekt nynorsk. Det er òg viktig for meg å finne ut kva som manglar hos kvar enkelt når det gjeld grammatisk bevisstgjeriing. Om det er slik hos ein student at vedkomande skriv "ein vurdering" og i neste setning "vurderinga", tek eg dette som eit teikn på at medvitet omkring den grammatiske kategorien genus (=kjønn) ikkje er nok utvikla. Av den grunn blir det for underteikna viktig å gjere merksam på at når vi har med hokjønns substantiv å gjere, må ordet bli utstyrt med dei kjenneteikna som hokjønns substantiv skal ha, f. eks. med bestemmarodet (determinativet) *ei* og bøyingsendinga (bøyingsmorfemet) *-a* i bestemt form eintal (singular).

Det viser seg at *alle* studentane i begge undersøkingssjuppene (haust 2006 og vår 2007) var nøgde med ein slik måte å få respons på. Eit fleirtal av studentane har i tillegg sagt i evalueringsrapporten at det er avgjerande for dei å få stoffet inn med "små skeier".

To grunnar blir trekte fram: For det første er det for lenge sidan skulegrammatikken vart undervist i, sidan det som kjent i ordninga i R-94, som var læreordninga for elevar i vidaregåande opplæring før "Kunnskapsløftet", ikkje har vore regulær undervisning på dei allmennfaglege studieretningane i tradisjonell norsk skulegrammatikk. Det andre som kom fram i evalueringsrapporten, er at det sjeldan vart ofra så mykje tid på formalundervisninga i nynorsk i vidaregåande utdanning at dei grammatiske systema vart skikkeleg lært.

Desse to faktorane har gjort at vesentlege sider i formverket i nynorsk aldri har vorte lært tilstrekkeleg, og at det grammatiske rammeverket ikkje er sterkt nok hos fleire av studentar til at dei utan vidare kan bruke det i eiga nynorskskriving og -tenking. For mange vart det derfor snakk om nylæring når det gjaldt viktige sider ved nynorsk, f. eks. når det gjaldt kva som er viktig å hugse på når det gjeld bøyning av sterke og svake verb.

Kvifor er det nødvendig å bruke kategoriar som "sterke verb" og "svake verb" i nynorskundervisninga? Svaret er ganske enkelt: Nynorske verb blir bøygde etter *type* i sterkare grad enn i bokmål.

Dette er særleg merkande i presens og i partisipp. To eksempel: I bokmål er det slik at *både* dei sterke og svake (kommer/kaster) får ending i presens, medan *ingen* sterke og *berre to* av dei tre svaktverbs-typane har det slik i nynorsk, slik som i kjem/kastar/dømer/fortel (sterkt/svakt/svakt/svakt).

Det same gjer seg gjeldande i partisipp: I nynorsk er det bøyning etter verbtype, medan det knapt er slik i bokmål: Nynorsk har -e/-i i dei sterke, og "ikkje -e/-i" i dei svake: "har kome" og "har levd/kasta/talt" i dei svake. I bokmål flyt dette meir saman: I dei sterke er det f. eks. "har kommet", og i dei svake "har levet (levd)/kastet/talt".

Mange studentar har uttrykt at dei nå skjønner at det må heite "har kome" i nynorsk "fordi det er eit sterkt verb", og at det ikkje kan heite "har leve" i partisipp "fordi dette verbet er svakt". For meg har det vorte greitt å skjønne at ein ikkje kjem utanom slike forklaringsmåtar om ein ønskjer eit nynorsk der det formelle skal vere mest muleg på plass.

To viktig poeng til må nemnast i denne korte, førebelse rapporten: Det eine er at bokmål for dei fleste vil "forbli" referanseramme og utgangspunkt for å skrive nynorsk. Det andre er ei følgje av det første: Ein treng kontrasteringsreglar mellom bokmål og nynorsk, og desse vil dei fleste forstå om "skolegrammatikken" er på plass som eit grunnlag for kontrasteringa, slik som i døma ovanfor. Eg trur det er ein god tanke når ein i "Kunnskapsløftet", som er ein gjennomgåande læreplan for alle dei 13 skuleåra, slår til lyd for at grammatikkundervisning skal inn att i vidaregåande opplæring i dei kurs som er studieførebuande.

Rekneskap

Her viser eg til oppsett plan som er sett opp i søknaden, med dei småe modifiseringane som er gjorde greie for i halvårsrapporten I desember 2006. Eg har for vårhalvåret hatt eit undervisningsfrikjøp som er berekna ut frå halvparten av støttesummen, den same ordninga som i hausthalvåret.

Plan for vidareføring av prosjektet:

Eg arbeider nå med alle data frå prosjektet, og er i ferd med å skrive ein vitenskapleg artikkel med basis i prosjektet. I prosjektperioden har eg hatt to vitenskaplege framlegg omkring emnet, det eine på Høgskolen i Oslo, Avdeling. for lærarutdanning, den 13. oktober-06, og den andre som paper ved den nordiske utdanningskonferansen "FoU I praksis" i Trondheim 20. og 21. april 2007.

Ved begge høve har det kome godt fram at arbeidet har vore med støtte frå "Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa" ved Høgskulen i Volda. Det har også vore eit mål for meg å nemne at Senteret arbeidet breitt for stimulere til forskning omkring nynorskopplæringa i den norske skulen.

Eg legg til at eg for neste studieår har fått midlar frå Senteret for drive meir generell kartlegging av nynorskferdigheiter og -kunnskapar ved lærarutdanninga ved Høgskolen i Hedmark. Denne kartlegginga saman med den forskinga eg har gjort i studieåret 06-07 kan føre til ei styrking av kunnskapane hos studentane og gjere fleire av dei i stand til å bli ihuga og dugande lærarar i nynorsk.

I studieåret 07-08 er det grunnopplæringa, Norsk 1, som eg skal kartleggje nynorskferdigheitene til, og i tillegg ferdigheitene til dei om lag 20 studentar på "Norsk 2", som er eit vidaregåande kurs særleg tenkt for lærarar på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring.

Samla vurdering av prosjektet

Det som så langt er nye erkjenningar for underteikna rundt spørsmålsstillinga "Grammatikk- og nynorskferdigheiter - ein samanheng", kan eg dele inn følgjande tre punkt:

a. For fleire av studentane er det langt frå slik at det å skrive nynorsk byggjer på ein gjennomtenkt, fast strategi. Det er slik at det å skrive nynorsk av mange blir opplevd som eit mellomting mellom eit framandspråk og eit morsmål, eit slags "modifisert bokmål". *Eg har opplevd det som aller mest viktig å få avliva mytane om at nynorskskriving rett og slett er å modifisere enkelte bokmålskrivemåtar ut frå ein "øyrekontroll" som rettleiande instans og korrektiv-grunnlag.*

b. *Prosjektet har bevisstgjort for fleire av studentane som var med, at det å lære seg nynorsk så godt at ein kan bli god lærar i denne fagdelen, krev målbevisst arbeid og høgt grammatisk refleksjonsnivå. Fleire av studentane har uttrykt at den einaste måten for dei å lære nynorsk tilstrekkeleg godt på, er basert på eit godt grammatisk refleksjonsnivå. Studentane uttrykkjer samtidig at det for dei er særst viktig å lese og skrive mykje på nynorsk.*

c. *Det ser ut til å vere for snevert å tru at om ein berre driv formøvingar i nynorsk, så vil det meste "dette på plass" i eksamensskrivinga - og seinare.*

"Vårgruppa" i prosjektet brukte *ordbok* til eksamen, medan det ikkje var tilfellet hos studentane som var med i hausthalvåret. Det ser så langt ikkje ut til at bruk av ordliste har hjulpet studentane i veldig stor grad, om ein ser på avviksstatistikkane i dei to gruppene.

Eg er enno ikkje i stand til å seie noko om kvifor det er slik. Isolert sett skulle ein tru at ei ordliste ville vere eit gode, men tilgang til ordliste kan òg vere ein stressfaktor, og resultatet kan bli at ein eksamensskrivar undersøker ords skrivemåte og bøyning utan ein gjennomtenkt plan. Ein slik mangel på strategi for bruk av hjelpemiddel kan svekkje nytta av hjelpemidlet.